



# Masfjorden kommune

## Møtebok for Valstyret

**Møtedato:** 18.10.2021  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 15:00 - 15:10

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Karstein Totland		Utvalsleiar
Torill Torsvik Størkersen	AP	Nestleiar
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

---

## Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

009/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
010/2021	Godkjenning av møtebok	s. 04
011/2021	Evaluering av gjennomføringa av stortingsvalet 2021	s. 05
012/2021	Referatsak	s. 08

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anne Kristin Rafoss	FE-033	21/949

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
009/2021	Valstyret	PS	18.10.2021

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

### Saksopplysningar:

#### Valstyret - 009/2021

#### VS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anne Kristin Rafoss	FE-033	21/949

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
010/2021	Valstyret	PS	18.10.2021

## Godkjenning av møtebok

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

### Saksopplysningar:

#### Valstyret - 010/2021

#### **VS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **VS - vedtak:**

**Møtebok vert godkjend.**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-011	21/82

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2021	Valstyret	PS	18.10.2021

## Evaluering av gjennomføringa av stortingsvalet 2021

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Valprotokoll for stemmestyret Hosteland	11.10.2021
Valprotokoll for stemmestyret Matre	11.10.2021
Valprotokoll for stemmestyret Masfjordnes	11.10.2021
Protokoll for valstyret	11.10.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret tar evaluering av gjennomføringa av Stortingsvalet 2021 til orientering

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det vart gjennomført Stortingval 13.sept 2021

#### Fakta

Det var til saman 616 personar som førehandsrøysta ved Stortingsvalet 2021. Dette inkluderer ei brevrøyst , to røyster frå veljar i isolasjon og ei røyst motteke frå veljar i karantene.

Det var til saman 430 personar som røysta ved valtinga i kommunen.

Dette gjer ein frammøteprosent totalt på 84,76 %

Røystesetlane vart telt opp samla – og rapportert – i følgjande tellekategoriar:

- ordinære førehandsrøyster
- ordinære valtingsrøyster
- lagt til side / seint innkome

### Vurdering

#### Førehandsrøysting

Førehandsrøystinga vart gjennomført som vedteke i valstyret i sak 004/2021.

På kommunehuset var det høve til å tidlegrøyste dei fleste arbeidsdagane frå 09:00 – 15:00 i perioden 1.juli – 9.aug.

På kommunehuset var det høve til å førehandsrøyste kvar arbeidsdag frå 09:00 – 15:00 i perioden 10.aug til og med 10.sept.

Ordinær ambulerande røysting vart tilbode i veke 35 og 36. Det var tilsaman 6 personar som nytta seg av dette tilbodet.

Det vart behov for røystegjeving i isolasjon siste veka. Me valde heimerøysting og følgde utarbeidd rutine:

Røystegjevar fekk ein konvolutt med eit eksemplar av lista til kvart parti som stilte liste ved stortingsvalet og ein røystekonvolutt (brun). Røystegjevar tok den røystesetelen til det partiet dei ville røyste på og la han i røystesetelkonvolutt. Røystemottakar opna den brune konvolutt på kontoret, stempla røystesetelen og la han i rett urne.

Det vart gjennomført førehandsrøysting på biblioteket på Matre 2.sept frå 13:00 – 18:30. Det var godt framømte gjennom heile dagen.

Det vart gjennomført førehandsrøysting på biblioteket på Hosteland 7.sept frå 13:00 – 19:00). Det var stort framømte gjennom heile dagen, men det danna seg ikkje kø sidan me var tre valmedarbeidarar på jobb her. Det at me var tre på jobb var basert på erfaringane frå kommune- og fylkestingvalet 2019 samt retningsliner for val i pandemi. Dei andre stadane var me to valmedarbeidarar slik lova krev.

Fredag 10.sept var det høve til å førehandsrøyste på/ved butikkane på Kvingo, Haugsvær og Hosteland i tidsrommet 12:00 – 18:00. Det var stort oppømte alle tre stadane. På Hosteland var det sær s mykje og det danna seg tidvis kø.

Sidan me har elektronisk avkryssing i manntalet er me avhengig av godt nettverk for at slike førehandstøystingsstader skal fungere. På Kvingo er rutine med lokale og nett godt innarbeidd og fungerte fint slik som tidlegare år. På Hosteland nytta me same lokale som for to år sidan (tidlegare venterommet til NAV), men me fekk etablert ein «einvegskøyting» med inngang frå butikken og utgang gjennom gardsbutikken. I tillegg fekk me no nytte butikken sitt nettverk i staden for mobilt nettverk slik me har gjort tidlegare. Både lokale med «einvegskøytinga» og nettverk fungerte godt. På Haugsvær måtte fekk me nytte same lokale som for to og sidan og IKT-NH måtte endå ein gong legge inn nettverk til oss då det ikkje er trådlus nettverk i bygget og heller ikkje god nok mobildekning til dataoverføring. Lokalet fungerte greitt men den mellombelse nett-tilgangen er sårbar og dyr.

Den lovpålagte førehandsrøystinga på institusjon vart gjennomført 7.sept 10:00 -12:00. Førehandsrøystinga på sjukeheimen er nytta både av pasientar, pårørande og personalet. Ein del av dei som skal røyste her, treng litt større plass og litt meir hjelp enn den gjennomsnittlege veljar. Det er difor viktig at ein nyttar eit lokale der det er stor nok golvplass og eigna bord både til røystekassetten og valurna. Det lokalet me fekk tildelt i år var godt tenleg og vonar dette kan bli løysinga framover.

### Valting

Valting vart gjennomført som vedteke i valstyret som sak 003/2021.

Røystestyrene – inkludert vara – som vart oppnemnd i valstyret som sak 008/2021 møtte fulltallige.

På alle valtinga møtte representant(ar) frå ungdomsrådet. Det var mindre oppmøte på valdagen ved dette valet samanlikna med tidlegare år.

På valtinget var det elektronisk avkryssing i manntalet. Etter pålegg frå IKT-NH skulle ikkje valpcane vere kopla på kommunalt nett. Dette gjorde at ein ikkje kunne nytte skrivarar i nettverket, men ein fekk tak i lokal skrivar til kvart valting. Dette fungerte ikkje pga av dårleg opplæring, så alle møtebøkene frå valtinga er ført manuelt.

Det vart behov for røystegjeving i karantene på valdagen. Me valde på ta i mot denne røystegjevinga frå bil og følgde utarbeidd rutine:

Røystegjevar fekk ein konvolutt med eit eksemplar av lista til kvart parti som stilte liste ved stortingsvalet og ein røystekonvolutt (brun). Røystegjevar tok den røystesetelen til det partiet dei ville røyste på og la han i røystesetelkonvolutten. Røystemottakar opna den brune konvolutten på kontoret, stempla røystesetelen og la han i rett urne. Denne røystesetelen vart telt i kategori seint innkomen førehandsrøyst.

### **Konklusjon**

Tal valmedarbeidarar på førehandsrøystinga på Hosteland – både på biblioteket og ved butikken - må aukast til tre ved neste val grunna stort oppmøte.

Viss tendensen med at fleire og fleire førehandsrøystar, bør ein vurdere å auke tal valmedarbeidarar og på dei andre førehandsrøystestadane og.

Lokalet ein vart tildelt på sjukeheimen var godt tenleg og bør bli det rommet ein nyttar til førehandsrøysting framover.

Det må utarbeidast betre rutiner for opplæring i føring av elektronisk møtebok frå valtinga før neste val.

### **Valstyret - 011/2021**

#### **VS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **VS - vedtak:**

**Valstyret tar evaluering av gjennomføringa av Stortingsvalet 2021 til orientering**

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anne Kristin Rafoss	FE-033	21/949

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
012/2021	Valstyret	PS	18.10.2021

## Referatsak

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Valstyret - 012/2021

#### VS - behandling:

Det vart ikkje lagt fram referatsaker i møtet.

#### VS - vedtak:



Rett utskrift frå møteboka frå Valstyret 18.10.21 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordfører

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordfører